

Svein Ragnar Myklebust - kapellmeister på Pink-Floyd konsertar.

18.12.2017



Svein Ragnar Myklebust(nærast) då han spela med Klosters under Rock 15.

Svein Ragnar Mykelbust frå Stord/Uskedalen har oppdraget som kapellmeister på Pink-Floyd oppsetjinga på Husnes helga 16. og 17. februar. Myklebust har farsslekta si frå Uskedalen og bur kvar sommar på Rabben Feriesenter. Svein Ragnar er musikar og musikalsk leiar på heiltid. Han kan syna til mange store musikalar og framføringer på institusjonsteater og i større kulturhus.

Annemor Ekeland og Oddbjørn Kloster er drivkreftene bak Pink-Floyd konsertane. Store deler av musikkmiljøet i Kvinnherad er involvert. Det er alt frå lokale band, artistar til Husnes musikkklag. Vokalistane er Håkon Røstbø, Preben Dahle og Øystein Kloster. I tillegg kjem kor og band. Clive Anderson er ansvarleg for arrangementssarbeidet med musikklaget.

Øvingane er starta med mellom anna ei storsamling i Skånevik. Repetoaret er variert og ein legg vekt på å ta med låtar dei fleste kjenner. Det tekniske med framføringa er viktig. Det vert dans, lys og effektar. Kulturhuset Husnes vert brukt på ein ny måte og truleg er dette den største produksjonen som nokon gong har vore på Husnes.

Svein Ragnar Myklebust, som kapellmeister, vil ha ein sentral rolle i oppsetjinga. Billetsaler starta 13. desember, og det er lagt opp til to konsertar. Stavanger har vore base for den musikalske aktiviteten til Svein Ragnar Myklebust, og han er ein svært anerkjent musikar som har opptrødd saman med mange av våre mest kjente artistar. Her nemner vi berre at han har samarbeidd mykje med Brit Synnøve Johansen(Norges svar på Edith Piaf) og Hanne Krogh som fast pianist. Han har også vore svært mykje brukt som kapellmeister og musikalsk leiar i teateroppsetjingar. Frå siste åra nemner vi musikalen 'Les miserables' som gjorde kjempesuksess m.a. i Kristiansand, Stavanger/Sandnes og i Haugsund. Den kjende musikkanmeldaren Jon Selås i VG gav oppsetjinga terningkast 5 og karakteriserte den som glimrande.

Tekst: Kristian Bringedal

Arkivoto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland